

**Søknad om verjegotgjøring**

Verja skal bruke skjemaet når det skal søkjast om godtgjøring og dekning av nødvendige utgifter knytte til utøvinga av verjeoppdraget.

Som verje har du krav på *godtgjøring* for arbeidet og rett til å få dekt *nødvendige utgifter* etter fastsette satsar. Kor stor godtgjøringa skal vere, avheng av om du er fast verje eller alminneleg verje, og av kva mandat verjemålet har. Det er unntaksvis mogleg å søkje om godtgjøring time for time dersom omfanget av oppdraget tilseier det. Verja må da dokumentere at ein fast årlig sats ikkje gjer rimeleg dekning, og timeforbruket må dokumenterast i ein eigen tidsrekneskap. I tillegg fastset det sentrale verjemålsorganet ein fast årlig sats som skal dekkje nødvendige utgifter knytte til verjeoppdraget. Verja kan søkje om utvida dekning dersom utgiftene vesentleg overstig den fastsette satsen.

Dersom du er verje for egne barn, eigen forelder eller ektefelle/sambuar, har du normalt ikkje rett på godtgjøring. Dersom du meiner at særlege grunnar tilseier at du bør få godtgjøring, kan du likevel søkje om dette.

Informasjon om gjeldande standardsatsar finn du på [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no).

Advokatar som blir oppnemnde som verje, blir løna etter den offentlege salærsatsen, jf forskrift 12. mars 1997 nr 1441 om salær frå det offentlege til advokatar m.m. § 2.

Lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) § 30 gir verja heimel til å krevje godtgjøring og dekning av utgifter:

*«Vergen har krav på godtgjøring for arbeidet som verge og har rett til å få dekket nødvendige utgifter i forbindelse med vergeoppdraget. Er vergen forelder til, barn av eller ektefelle eller samboer til den som er under vergemål, kan det bare gis godtgjøring for arbeidet hvis særlige grunner taler for det. Godtgjøring og utgifter etter første og annet punktum dekkes av den som er under vergemål. Har han eller hun en inntekt og formue som er lavere enn de grenser som fastsettes av Kongen i forskrift, skal godtgjøringen og utgiftene likevel dekkes av fylkesmannen.*

*Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om satser for godtgjøring og utgiftsdekning etter første ledd og kan også fastsette hva som skal anses som særlige grunner etter første ledd annet punktum.»*

Forskrift til vergemålsloven av 15. februar 2013 nr. 201 (verjemålsforskrifta) §§16-19 gir nærare retningslinjer om godtgjøring, utbetaling m.m. til ulike typar verjer.

**1 Opplysningar om personen med verje**

Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Adresse:	
Postnummer:	Poststad:

Alternativ adresse/anna:	
Postnummer:	Poststad:
<b>2 Informasjon om verja</b>	
Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Namn på føretak (faste verjer):	Organisasjonsnummer:
Adresse:	
Postnummer:	Poststad:
Type verje: <input type="checkbox"/> nærstående (familieverje) <input type="checkbox"/> alminneleg verje <input type="checkbox"/> fast verje <input type="checkbox"/> advokat	Mandatet til verja: <input type="checkbox"/> hjelpe i personlege saker <input type="checkbox"/> hjelpe i økonomiske saker <input type="checkbox"/> hjelpe i både økonomiske og personlege saker
<b>3 Søknaden gjeld</b>	
Fleire kryss er mogleg	
<input type="checkbox"/> årleg godtgjering etter faste satsar (fyll ut punkt 7 nedanfor) <input type="checkbox"/> krav om timebasert godtgjering (fyll ut punkt 4 og 7 nedanfor) <input type="checkbox"/> krav om godtgjering frå verje for nærstående fordi særlege grunnar taler for det (fyll ut punkt 5 og 7 nedanfor)  <input type="checkbox"/> årleg dekning av utgifter etter faste satsar (fyll ut punkt 7 nedanfor) <input type="checkbox"/> krav om utvida dekning av utgifter (fyll ut punkt 6 og 7 nedanfor)	
Gi opp kva periode søknaden gjeld:	
Frå og med	til og med
<b>4 Krav om timebasert godtgjering</b>	
Fyll ut dersom det blir søkt om timebasert godtgjering	
Tal på timar det blir kravd godtgjering for:	Samla beløp som blir kravd i godtgjering (kr):
Grunngi kvifor ein fast årleg sats ikkje gir ein rimeleg kompensasjon for arbeidet:	

--

**Spesifisert faktura og timerekneskap knytt til utføringa av verjeoppdraget må leggjast ved søknaden.**

### **5 Krav frå nærstående om godtgjering**

Fyll ut dersom ei oppnemnd verje som er forelder til, barn av eller ektefelle eller sambuar til den som har verje, søker om godtgjering.

Samla beløp som det blir søkt om (kr):

Her må du gjere greie for kva særlege grunnar tilseier at ein bør gi godtgjering:

**Dokumentasjon på at det ligg føre særlege grunnar (f.eks. knytte til omfang og/eller kor lenge verjeoppdraget varer) må leggjast ved søknaden.**

## 6 Krav om utvida dekning av utgifter

Fyll ut dersom det blir søkt om utvida dekning av utgifter

Samla beløp som det blir kravd å få dekt (kr):

Her må du grunngi kvifor ein fast årleg sats ikkje dekkjer nødvendige utgifter tilstrekkeleg:

**Dokumentasjon på nødvendige utgifter må leggjast ved søknaden. Slik dokumentasjon er kvitteringar og anna som stadfestar at utlegga er knytte opp mot sjølve utføringa av verjeoppdraget.**

## 7 Kven skal dekkje godtgjering og utgifter

Som hovudregel skal godtgjering og utgifter dekkjast av personen med verje. Dersom personen med verje har ei inntekt og ein formue som er lågare enn dei grensene som er fastsette i verjemålsforskrifta § 19, skal godtgjeringa og utgiftene likevel dekkjast av fylkesmannen.

Godtgjering og/eller dekning av nødvendige utgifter skal:

- bli dekt av personen med verje, jf. verjemålslova § 30 første ledd. Du kan belaste beløpet frå verjekontoen.
- bli dekt av fylkesmannen etter verjemålsforskrifta § 19, jf. verjemålslova § 30 anna ledd.

Samla inntekt til personen med verje føregåande kalenderår:

Samla nettoformue til personen med verje føregåande kalenderår:

Her skriv du inn:

- 1) Eventuelle omsyn til betalingsevna til personen med verje som tilseier at godtgjering og/eller dekning av nødvendige utgifter skal bli dekt av fylkesmannen, sjølv om inntekta og/eller formuen ligg over dei fastsette satsane.
- 2) Eventuelle endringar i inntekta og/eller formuen frå føregåande kalenderår, som tilseier at personen med verje sjølv skal dekke godtgjeringa og/eller dekning av dei nødvendige utgiftene

<b>8 Utbetaling</b>		
Fyll ut punkt 8 dersom godtgjering og/eller nødvendige utgifter skal bli dekt av fylkesmannen		
Godtgjering betalast ut som:		Organisasjonsnummer (dersom næringsdrivande med org.nr.):
<input type="checkbox"/> Lønnsinntekt <input type="checkbox"/> Næringsinntekt		
Skattekort:		Skattekommune:
<input type="checkbox"/> Levert tidlegare <input type="checkbox"/> Er lagt ved		
Beløpet skal bli betalt til kontonummer:		
<b>9 Underskrift</b>		
Dato:	Stad:	Underskrift frå verja: